

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 25.01.2022  
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Asle Kjørlaus**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per desember 2021**

**Arkivsak**

2021/1089

**Styresak 004/2022**

**Styremøte 28.01.2022**

---

## Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per desember 2021 til vitende.

## Administrerende direktør si vurdering

Helse Førde er ikkje ferdig med årsoppgjeret og presenterer derfor ikkje økonomisk resultat for desember. Basert på arbeidet så langt er administrerende direktør si vurdering at vi vil få eit resultat som er noko betre enn prognosen presentert førre månad, som var 14 millionar bak budsjettert resultat på 34 millionar.

Administrerende direktør er godt nøgd med aktiviteten i desember. Innanfor somatikk, målt i DRG-poeng og utan H-resept, var aktiviteten 4,5 prosent høgare enn budsjett. Til no i år er aktiviteten 98,2 prosent målt mot budsjett. Innanfor psykisk helsevern er bildet det same som førre månad, med ein aktivitet om lag på plan for døgnopphald for vaksne og høg aktivitet på barn og unge. Aktiviteten er bak plan på poliklinikk for vaksne og innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).

Ventetid for somatikk i desember er i noko lågare enn ventetida i august-november. Gjennomsnittleg ventetid for behandla er 69 dagar (måltal under 50 dagar), medan ventetid for ventande er 68 dagar. Det er ØNH (kjeve)-avdeling og augeavdeling som har lengst ventetid for ventande. Av dei som starta behandling, har 9 prosent starta innan 0-10 dagar, medan 16 prosent har starta innan 11-30 dagar. Administrerende direktør si vurdering er at dette viser at pasientar med identifisert behov for raskare tilgang på helsehjelp blir prioriterte. Samtidig viser det at pasientar som er identifiserte til å kunne vente på helsehjelp, blir nedprioriterte og må vente noko lenger. Administrerende direktør erkjenner at total ventetid i Helse Førde er for høg, men vil påpeike at nødvendig prioritering blir gjennomført for å sikre eit forsvarleg tilbod.

Det var 106 fristbrot i desember, flest på kirurgisk avdeling (49). Talet på fristbrot er noko lågare enn førre månad, men jamt samanlikna med resten av året. Av alle fristbrota hadde 47 pasientar fått time før eller på målepunktet (dato for fristbrot), men ventetidsluttdato (dvs. registrering av oppmøte til første kontakt) var ikkje sett. 17 pasientar hadde fått time innan 1-13 dagar etter fristbrot. 22 pasientar hadde ikkje fått tildelt time. Administrerende direktør vurderer at det blir jobba bra med å halde tal fristbrot nede, og at mange pasientar får tilbod om helsehjelp tett rundt tidspunkt for fristbrot. Det er nødvendig å halde fokus på å tilby time til alle som blir tilviste, og som er på venteliste.

For PBU held ventetida seg framleis over måltala. Ventetid for helsehjelp starta i perioden er 48 dagar (måltal 35), medan gjennomsnittlig ventetid for ventande er 38 dagar. PHV og TSB held seg som tidlegare innanfor måltala på ventetid.

I styremøte planlegg administrerende direktør å gjere nærare greie for status når det gjeld trygg pleie, trygg kirurgi, avviksmeldingar i Synergi, tal kliniske behandlingsstudiar og pasientopphald med pasientskade (målt med GTT).


Helse Førde hadde i november eit sjukefråvær på 7,9 prosent. Dette er 1,1 prosentpoeng høgare enn tilsvarande månad i fjor og 0,4 prosentpoeng høgare enn førre månad. Førebelse tal for desember viser eit sjukefråvær på 8,2 prosent, og dette vil stige ytterlegare litt. Administrerende direktør registrerer også at sjukefråværet har vore stigande sidan august, og tilbakemeldingane frå klinikkane er at hovudforklaringa er pandemien.

## FAG

### Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:



- Somatikk: 68 dagar ved utgangen av desember (62 i november). 60 i desember i fjor. Altså +8 frå i fjor.
- PHV: 30 dagar ved utgangen av desember (24 i november). 25 i desember i fjor. Altså +5 frå i fjor.
- PBU: 38 dagar ved utgangen av desember (28 i november). 30 i desember i fjor. Altså +8 frå i fjor.
- TSB (rus): 21 dagar ved utgangen av desember (11 i november). 25 i desember i fjor. Altså -4 frå i fjor.



### Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nytilviste som fekk starta behandling i desember, var:

- Somatikk: 68 hittil i år (69 dagar i desember) – måltal er 50. 67 hittil i fjor. Altså +1 frå i fjor.
- PHV: 31 hittil i år (33 dagar i desember) – måltal er 40. 25 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- PBU: 47 hittil i år (48 dagar i desember) – måltal er 35. 41 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- TSB (rus): 26 hittil i år (19 dagar i desember) – måltal er 30. 28 hittil i fjor. Altså -2 frå i fjor.




## Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 58 fristbrot på behandla pasientar i desember, svarande til 2,8 prosent av behandla i desember (4,2 % i november). Gjennomsnitt for Helse Vest er 5,5 prosent.
- Førebels registrert 106 nye fristbot i desember, svarande til 3,2 prosent av alle med frist i desember (3,8 prosent i november).



## AKTIVITET



Nyttilviste i perioden var ein prosent lågare enn same periode i fjor. Tal avslutta pasientar er noko lågare enn tilviste i perioden. Det same forholdet såg vi også ved førre rapportering, dvs. fleire tilviste enn avslutta. Både ventelistekøa og totalkøa er no høgare enn same periode i fjor. Administrerande direktør understrekar at det blir viktig og nødvendig å halde god aktivitet framover for å handtere både nyttilviste og pasientar i ventelistekøa, men at pandemien medfører prioriteringar.

## Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 767	1 701	65	1 606	161	20 756	21 301	-545	19 277	1 479
DRG-poeng poliklinikk, A	412	391	21	411	1	5 262	5 267	-5	4 961	301
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	93	109	-16	92	1	1 723	1 865	-142	1 827	-104
DRG-poeng tilhøyrande andre regionar, (B)	46	37	9	37	9	734	680	54	587	147
<b>SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)</b>	<b>2 318</b>	<b>2 239</b>	<b>79</b>	<b>2 146</b>	<b>172</b>	<b>28 474</b>	<b>29 113</b>	<b>-639</b>	<b>26 652</b>	<b>1 822</b>
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	133	138	-5	(26)	159	1 390	1 731	-341	1 290	100
<b>Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)</b>	<b>2 405</b>	<b>2 340</b>	<b>65</b>	<b>2 083</b>	<b>322</b>	<b>29 131</b>	<b>30 164</b>	<b>-1 033</b>	<b>27 355</b>	<b>1 776</b>
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 296	1 148	148	1 156	140	15 706	15 010	696	14 428	1 278
Tal sjukehusopphald	1 461	1 520	-59	1 430	31	18 343	18 932	-589	17 187	1 156
Tal polikliniske konsultasjonar	9 811	8 770	1 041	9 259	552	122 666	119 521	3 145	110 049	12 617
<b>DRG indeks</b>	<b>Faktisk</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>	<b>I fjor</b>	<b>Avvik</b>	<b>Faktisk</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>	<b>I fjor</b>	<b>Avvik</b>
Dag/døgn	0,641	0,638	0,003	0,621	0,020	0,610	0,628	-0,018	0,610	-0,000
Poliklinikk	0,042	0,045	-0,003	0,044	-0,002	0,043	0,044	-0,001	0,045	-0,002


## Perioden

Aktiviteten i perioden var 9,9 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 6,1 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 3,5 prosent høgare enn budsjett (+ 79 poeng) og 8 prosent høgare enn førre året (+ 172 poeng).

## Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 2,1 prosent høgare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 10,6 prosent høgare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 2,2 prosent lågare enn budsjett (- 639 poeng) og 6,8 prosent høgare enn fjoråret (+ 1822 poeng).

## Beleggsprosent



Aktiviteten i desember er påverka av jula. Samanlikna med same periode i fjor viser beleggsprosenten at det var god aktivitet.

## Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 469	1 502	-33	1 406	63	17 948	18 000	-52	17 059	889
Tal utskrivne pasientar	76	83	-7	97	-21	918	1 030	-112	1 066	-148
Polikliniske kons. m/refusjon	1 842	1 964	-122	1 683	159	22 471	26 500	-4 029	23 686	-1 215
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	469	580	-111	510	-41	6 006	7 070	-1 064	5 734	272
Tal utskrivne pasientar	11	19	-8	18	-7	172	240	-68	186	-14
Polikliniske kons. m/refusjon	247	247	-0	198	49	2 526	2 975	-449	2 687	-161
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	141	92	49	104	37	1 325	1 250	75	1 359	-34
Tal utskrivne pasientar UPH	7	5	2	10	-3	85	80	5	92	-7
Polikliniske kons. m/refusjon	1 374	1 244	130	1 298	76	18 232	17 500	732	16 769	1 463

## Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore svakare enn plan i perioden for poliklinikk, medan døgnpastane har hatt aktivitet på nivå med plan. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan TSB har aktiviteten vore lågare enn plan i perioden. Akkumulert er aktiviteten om lag som førre året.


## Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore god innan poliklinikk, og vi ligg akkumulert føre plan og fjoråret. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å og følgje opp med tilgjengelege ressursar. Også ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH) har aktiviteten vore god i perioden.

## Beleggsprosent




## Digitale helsetenester



12,8 prosent av dei ISF-refunderbare polikliniske konsultasjonane i desember vart utførte gjennom telefon (9,4 %) eller video (3,4 %). Til saman utgjer det 1580 konsultasjonar. Helse Førde har gjennomgåande fleire videokonsultasjonar og færre telefonkonsultasjonar enn dei andre føretaka i Helse Vest.

Psykisk helsevern har flest digitale konsultasjonar. Dei somatiske klinikkane har hatt relativ jamn stigning dei siste månadene.



## ØKONOMI


Helse Førde er ikkje ferdig med årsoppgjeret og presenterer av den grunn ikkje økonomisk resultat for desember. Basert på arbeidet så langt er administrerande direktør si vurdering at føretaket vil få eit resultat som er noko betre enn prognosen presentert førre månad, som var 14 millionar bak budsjettert resultat på 34 millionar.

## Likviditet

Per utgangen av desember 2021 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 279,5 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 417,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i november 7,9 prosent. Dette er 1,1 prosentpoeng høgre enn same månad i fjor, og 0,4 prosentpoeng høgre enn førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvæ dei siste tolv månadene er 6,8 prosent. Dette er noko høgre enn 2020 og ein auke samanlikna med åra før pandemien.

### Månadsverk



Brutto månadsverk i perioden var 2443. Dette er 47 fleire enn same periode i 2020.

Netto månadsverk i perioden var 2269. Dette er 41 fleire enn same periode i 2020.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.